

Til Fylkesmannen i Hordaland

Klage på godkjenninga av «Løyve til opparbeiding av veg og plassering av flytekai».

Nordhordland Padleklubb gjer et godt frivillig arbeid for alle som ynskjer å ha padle aktivitet på sjø. Dette er et tiltak eg svært gjerne støtter, difor får Nordhordland Padleklubb vederlagsfritt disponere naust, kaianlegg, flytebrygge og parkeringsplass på min eigedom.

I telefonsamtale med Marianne Aadland Sandvik i Meland kommune har eg opplyst at tiltakshavar ikkje har vegrett over gbnr.1/6 og fram til ny omsøkt veg på gbnr. 1/57 slik det står skreve i brev datert 14.09.2017 frå Meland kommune under punktet tilkomst.

I uttale til nabovarsel vart det også opplyst om at det ikkje var vegrett over gbnr 1/6 og fram til omsøkt veg på gbnr. 1/57.

Vi ser også at dette berre er ei mellombels løysing, då. Nordhordland Padleklubb er tiltenkt som ein framtida hovudaktør i nytt sjøsport senteret på Flatøy som ligg i den nye Kommuneplanen(I_1) til Meland Kommune.

Tilkomst til ny den nye flytebrygga vil vera den same som til Hjeltafjæra som blir brukt som bade plass, padleklubb og hamn til fritidsbåtar og me vil svært gjerne at vegen også i framtida skal vera trygg og lite trafikkert.

Me ynskjer derfor at det under VEDTAK skal leggjast til eit nytt punkt:

Vegen til ny flytebrygge skal berre nyttas som tilkomst av padlarar som treng transport til brygga. Når padleklubben flyttar frå området fell retten til å bruke vegen på gbnr.1/6 vekk.

Gjerdet mellom eigedomane må setjast opp att som i dag, når padleklubben etablerer seg i nytt sjøsport senter (Midtmarka) eller vert lagt ned.

Mvh

Dag Albert Sudmann